



PÅMELDING BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE SKULEÅRET 2020/2021

Søknadsfrist: **Onsdag 1. juli 2020.**

Påmelding via elektronisk skjema: Bokn Kommune, Kulturskulen.
(OBS! Bruk datamaskin, ikkje mobil)

Piano:

Lær deg å spela, eller hald fram med å utvikla talentet ditt, hos vår dyktige lærar, Venevil Birkelund.

Det er mykje kjekt ein kan vera med på, om ein ynskjer det. Oppdrag ein til dømes kan få tilbod om, er å spela under lokale arrangement og for lag og organisasjonar. Om ein vil, kan ein også melda seg på Ung Kultur Møtes (UKM, 13 - 20 år).

Ofte har pianoelevane elevkonsert før jul og før sommarferien, der ein kan få visa kva ein har jobba med i løpet av året.

Lærer: Venevil Birkelund.

20 minutt undervisning pr. veke. Time etter avtale.

Pris pr. halvår kr. 1800,-.



Boknakoret:

Boknakoret har eit godt og triveleg samarbeid med koret, Aksang, og i utgangspunktet øver kora saman anna kvar veke. Kvar fjerde gong på Tysværtunet, elles i auditoriet på Bokn. (Dette kan variera noko i innspurten til konsertar. Me organiserer oss i forhold til køyring).

Ein må ikkje kunne noter for å vera med! Trivselsfaktoren er høg og me håpar DU vil vera med!

Tidspunkt for øvingane kan variera noko, men blir i utgangspunktet slik:

Bokn: 19.00 – 21.00, Akسدal: 19.30 – 21.30.

Det vil i tillegg bli eit par øvingsdagar i samband med prosjekt me skal til med.

Dirigent/leiar: Anne Tove Øvrebø.

Alder: Frå 8. klasse og oppover.

Øvingsdag: Tysdagar.

Pris pr. halvår kr. 1400,-.



Les **Retningslinjer for elevplass** for vidare informasjon om m.a. opptak, bindingstid, søskenmoderasjon, venteliste, utmelding m.m..

Anne Tove Øvrebø
Rektor Bokn musikk- og kulturskule
Mail: atovrebo@boknskule.no
Tlf.: 90 03 15 18